

## Fyrstehjelpskurs for skulekameratane i Dønhaug gardsbarnehage og Uskedalen barnehage

05.04.2016



Slett ikkje alvorleg skada, og veldig blid!

**Skulekameratane er dei aller største barna i barnehagen. Det er dei barna som skal byrja på skulen til neste skuleår. Å vera skulekamerat er noko dei aller fleste barna gleder seg ekstra til. Skulekameratåret i barnehagen er eit kremår. Skulekameratane har litt sitt eige opplegg i barnehagekvelden. Kvar torsdag er dei på skulen, eller på turar saman med fadderen sine. Dei får delta på ulike aktivitetar, festar og avslutningar saman med skulen.**



[Mykje spennande å høyra og læra.](#)

Dønhaug gardsbarnehage, og Uskedalen barnehage har eit godt og nært samarbeid kring skulekameratgruppene sine. Noko som er til stor glede for barna i begge barnehagene. I dag kom ambulansepersonale med ambulanse til Uskedalen barnehage. Det var ein stor og spennande dag for skulekameratane våre. Skulekameratane skulle ha fyrstehjelpskurs. Ambulansepersonale hadde sett av 1 ½ time i Uskedalen barnehage. Ungane sat som lys og lytta. Dette var spennande. Dei fekk læra om kven dei skal ringe til dersom ulukka er ute. Korleis dei legg nokon i stabilt sideleie, bandasjering og mykje meir. Barna fekk sjølv prøva å setja ut den nye kunnskapen i praksis. Etter den teoretiske og praktiske økta, var det tid for å sjå på ambulansen.

Barna fekk prøve å ligge på båra, undersøke utstyret, sitje bak rattet, sjå og høre sirena. Som avslutning fekk alle barna diplom for vel gjennomført fyrstehjelpskurs, og ei lita gåve av ambulansepersonalet.

Alle var samde i at dette hadde vore ein veldig kjekk og lærerik dag.

Ser ikkje vekk frå at enkelte familiemedlemmar må både bandasjerast og leggast i stabilt sideleie av små «nyutdanna» ambulansepersonale etter barnehagen i dag.



05/04/2016 02:23

Gode bandasjar hjelper på vondtet!



Ambulansebilen var spennende!



Øving gjer meister!



Alle fekk diplom etter gjennomført kurs.

Tekst og foto: Ann Irene Sæle  
Nett: Thor Inge Døssland